

## MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 25. nov 2022

Stad: Flå, Veksthuset

### Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Petter Rukke	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Tore Haraldset	Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune

I tillegg møtte Herbrand Jegleim, Gol kommune som skal inn som ordførar i Gol når Heidi Granli går ut i permisjon

### Desse møtte frå rådmannsutvalet:

Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Henrik Skovly	Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune

### Desse møtte frå Viken fylkeskommune:

Magnus Weggesrud (Sp)  
Bjørn Siem Kundsén (adm)

### Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar  
Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar  
Maria Grevsgård, prosjektleiar

### Forfall:

Karsten Dideriksen	Ål kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Stephan Gundersen	Hemsedal kommune
Heidi Westby Nyhus	Fylkesråd for kompetanse og utdanning
Iselin Haugo Stavn	Viken (H)

**SAK 74/22    GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 30. SEPT 2022****Vedtak:**

Protokollen frå møte 30. sept. 2022 er godkjent.

**SAK 75/22    SAMANSLÅING NÆRINGSHAGE OG ETABLERERSENTER****Vedtak:**

1. Regionrådet ber dagleg leiar gå i dialog med Hallingdal næringshage og Hallingdal etablerersenter for å finne den beste løysinga for Hallingdal.
2. Løysingsforslaget skal drøftast i fagrådet, styret for næringshagen og rådmannsutvalet, før saka kjem attende til Regionrådet.

**SAK 76/22    STATUS CAMPUS HALLINGDAL**

Prosjektansvarleg Heidi Granli og Prosjektleiar Knut Arne Gurigard orienterte om siste utvikling i prosjektet, sjå vedlagte presentasjon. I tillegg vart det foreslått at Pål Rørby går inn som PA til Heidi Granli er attende i den rolla

**Vedtak:**

Pål Rørby går inn som Prosjektansvarleg (PA)

**SAK 77/22    GJENNOMGANG AV HANDLINGSPROGRAM TIL STRATEGISK PLAN**

Nokre av tiltaka vart gjennomgått og spissa/konkretisert med årstal. Sjå vedlegg

**Vedtak:**

Regionrådet tek ut tiltaket «Arbeide for eit digitalt rettleiingssenter i Hallingdal» fordi dette ikkje lenger er relevant.

**SAK 78/22    NY NÆRINGSLEVSREPRESENTANT I STYRE FOR SATS PÅ HALLINGDAL****Vedtak:**

Audun Grynning, adm. dir i Vidju AS, blir ny næringsleivsrepresentant for Sats på Hallingdal

**SAK 79/22    TV OVERFØRING AV REGIONRÅDSMØTER****Vedtak:**

Regionrådet sender saka til kommunane for å høyre kva dei meiner om denne saka og om TV overføring i kommunane. Kjem attende til Regionrådet i februar og då blir også Radio Hallingdal invitert for å evaluere noverande avtale.

**SAK 80/22    EIN KOMMUNE I HALLINGDAL?**

Tore Haraldset innleia og Regionrådet drøfta ein kommune i Hallingdal. Drøftinga kom i stand basert på innspel i samfunnsdelen i Nesbyen. Det vart ikkje konkludert med å gå vidare med saka.

**SAK 81/22 NYTT FRÅ VIKEN V/HEIDI WESTBY NYHUS**

Bjørn Siem Knudsen orienterte om nytt frå Viken,

Alle formannskapsmedlemmer i Hallingdal blir invitert til eit arbeidsmøte om dei regionale planane 12 januar kl 1600

**SAK 82/22 SAMFERDSELSSAKER. STATUS OG OPPFØLGING VIDARE**

Knut Arne Gurigard informerte om nye rutetider på buss og siste utvikling rundt ringeriksbanen.

Det vart ikkje konkludert med korleis samferdselsutvalet skal drive vidare når knut Arne sluttar, men utvalet vil drøfte det på møte i desember

**SAK 83/22 HØYRING «INNTAKSSYSTEMET I KOMMUNANE» SKAL ME GJE UTTALE FRÅ REGIONEN ELLER FRÅ KVAR KOMMUNE?****Vedtak:**

Regionrådet ber Rådmannsutvalget utarbeide eit utkast til høringsuttale frå Regionrådet. Utkastet kjem opp som sak i neste Regionrådsmøte 16. des. 2022

**SAK 84/22 EVENTUELT****Hallingdal og Ringerike i Viken. Kva no?****Vedtak:**

Regionrådet ønskjer å invitere Ringerike til Seljord for å sjå på moglegheitene i det distriktssenteret dei har bygd opp der.

**Signering av Politirådsavtala.**

Politirådsavtala som vart vedtatt på Hallingtinget i okt. vart signert

**Status berekraftssenter**

Jan Olav gav status i arbeidet med Hallingdal berekraftssenter

**Auke i budsjett interkommunale samarbeidstiltak**

Spørsmål frå Pål Rørby

Har auken på 2 stillingar frå NAV på økonomisk sosialhjelp vore oppe i Rådmannsutvalget? Rådmannsutvalet svarar at det har det, men det er ikkje funne rom til det.

Hallingdal 25. nov. 2022

Jan Olav Helling

Dagleg leiar